

# Mal for omtale av kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse

## I. Omtale av kvart område:

1. Namn på området og kort karakteristikk

*Fitjar og Fitjarøyane*

- *Maktsete, handel og llynghesi ved leia*

2. Områdeavgrensing, plassering (beliggenhet i Askeladden).

Sjå kart.

3. Skildring av området (maks 1 side)

*Landskapet ligg nordvest på Stord og Bømlo, med Selbjørnsfjorden i nord, Midtfjellet i aust, Stokksundet i sør og havet mot vest. Leia er golvet i landskapsrommet og det som bind kulturlandskapet saman, og tek ein forbi Stord og dei talrike Fitjarøyane. Både på Stord og i Fitjarøyane er det gode hamner med strategisk plassering. Øyane er låge og llynghedde, og har rikt tilfang av kulturminne med stor tidsdjupne som vitnar om den rike kulturhistoria til landområda ved leia. Fitjarøyane er eit nasjonalt framståande llynghelandskap. Her er småbruk, torvmyrar, ventestader, privilegerte handelsstader og naustmiljø. Staden Fitjar aust om leia har store, dyrkbare område og god tilgang til vatn. Saman med den strategiske posisjonen ved leia gav dette grunnlag for at maktsete kunne vekse fram.*

*Busetnaden i området tok til i steinalderen, ved dei mange matrike straumane mellom Fitjarøyane. I bronsealderen, då jordbrukskom, busette folk seg lenger aust, og skipa gardar og maktsete på dei grøderike markene på Fitjar. Dei første gardene låg i skråningane frå Fitjar sentrum til Rimbareid i sør. Rike funn og storslagne gravrøyser som flankerar leia forbi staden Fitjar vitner om at her truleg var gardar med stormenn alt i bronsealderen. Garden på Fitjar vart kongsgard under Harald Hårfagre, og fleire kongar budde her i periodar. Slaget ved Fitjar fann i fylgje soga stad i området der kyrkja står i dag. Den er bygd på same stad som ei eldre steinkyrkje frå 1100-tale, og ligg sentralt til i landskapsrommet.*

*Busetninga på Fitjarøyane har i lang tid hatt kombinert næringsgrunnlag av fiske og jordbruk. Lyngbrenning gav beite for utegangarsau, torvuttak i myrane gav brensel. Landskapet på Fitjarøyane er i dag sterkt prega av denne driftsmåten, og Fitjarøyane er eit av 23 utvalde nasjonale llynghelandskap. Skipssleia deler seg i tre i Fitjarøyane: den ytre leia, Nyeleia og Engesundleia. Langs desse ferdsleårene ligg gamle handels- og gjestgjevar- og ventestader. På Gisøya ligg handels- og gjestgjevarstaden Brandasund frå 1600talet. Fiskehandelen her ved det rike fiskefeltet går truleg langt tilbake i tid. Ein av dei store marknadsplassane i Hordaland i mellomalderen har truleg lege på Selsøya ved Brandasundet, stadnamnet Torgjo fortel om ein stad der varer vart selde. Bøndene frå fjellbygdene og indre fjordbygder selde tømmer, huder og skinn, haukar og falkar i byte for fisk, salt og varer frå andre land. Staden var kjent for Hansaskip på veg til Bergen, og er teikna inn på eit hollandsk kart frå 1624. Brandasund blomstra i det store sildefisket på 1700- og 1800-talet. Engesund ligg ved Engesundsleia, og er kjend som tingstad alt i 1650. Den er eit av dei fyrste kremmarsæta utanfor Bergen.*

#### 4. Fastsetting av landskapskarakter:

*Landskapet ligg nordvest på Stord og Bømlo, med Selbjørnsfjorden i nord, Midtfjellet i aust, Stokksundet i sør og havet mot vest. Leia er golvet i landskapsrommet og det som bind kulturlandskapet saman, og fører forbi Stord og dei talrike Fitjarøyane. Her er gode hamner med strategisk plassering.*

*Fitjar har store, dyrkbare område og god tilgang til vatn. Rike funn og storlagne gravrøyser ved leia forbi Fitjar vitnar om at garden har vore sete for mektige ætter sidan bronsealderen. Fitjar var kongsgard under Harald Hårfagre og Håkon den gode. Plasseringa ved leia, som er systematisk flankert av gravhaugar, gjev kongsgarden ein strategisk posisjon den deler med dei privilegerte handelstadane i Fitjarøyane som har stor tidsdjupne. Dei talrike, låge Fitjarøyane ligg i leia som ein skjerm om staden Fitjar. Fitjarøyane er sterkt prega av llynghelandskapet. Tre skipsleier fører gjennom øyriket i Fitjar: den ytre leia, Nyeleia og Engesundleia. Langs desse ferdsleårene ligg privilegerte handels- og gjestgjevarstader med stor tidsdjupne, som Brandasund og Engesund.*

#### 5. Nasjonal interesse. Grunngjeving for at området er av nasjonal interesse

*Storgardane på Fitjar er høvdingsete med stor tidsdjupne, og utvikla seg til å verte kongsgard som spela ei stor rolle i historia. Handelstadane på Fitjarøyane har stor tidsdjupne. Llynghelandskapet på Fitjarøyane er framståande i nasjonal samanheng, og har stor visuell styrke.*

#### 6. Råd om sårbarheit, tålegrenser, forvalting

Sårbarheit og tolegrenser:

*Landskapet er sårbart for tap av innmark og oppføring av store bygningsstrukturar nær Fitjar sentrum. Fitjarøyane er sårbare for gjengroing av llynghelandskapet, og for nye bygningsstrukturar på visuelt framståande stader i landskapet.*

Forvaltning:

*Landskapet bør i kommuneplanens arealdel gjevast omsynssone c) med særleg omsyn til landskap og kulturmiljø, med føreseigner og retningsliner som formulerer målsetninga for forvaltinga av området, og rammer for bruken av det.*